




Rådmannen

Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO



Aurland, 15.07.2004

Arkivkode:
232 &13

Dykkar ref. :

Vår ref. :
04/00403-2

Sakshandsamar.:
Ingrid Gunnarskog

Telefon.:
57 63 29 50

Eigedomsskatt- kommunefordelingsreglane for kraftanlegg. Høyringsnotat frå Finansdept. - frist for uttale 2. august 2004

Aurland kommune går inn for å vidareføra dagens ordning, og er samd med Departementet og LVK i deira argument som talar for vidareføring.

Kommunen har difor lagt fylgjande til grunn for sin uttale- St.prp. nr. 1 (2003- 2004)

Departementet har vurdert kommunefordelinga av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg på nytt, og har kome fram til at kommunefordelingsreglane i eigedomsskatteleva § 8a bør vidareførast.

Departementet sine argument som talar for at ordninga slik den er i dag vert vidareført er m.a.

- Gjeldande reglar gjev ei fordeling som harmoniserar best i høve til kva som er objekt for eigedomsskatt etter eigedomsskatteleva.
- Omfordeling etter reglane i skatteleva § 18-7 om fordeling av formue vil utvida område for eigedomsskatt på kraftanlegg til også å gjelda vassfall og nedbørsfelt.
- Fordeling etter desse reglane vil føra til relativt stor omfordeling av eigedomsskattegrunnlaget mellom kommunane.
- Ei slik omfordeling vil truleg føra til fleire tvistar mellom kommunane.
- Det er berre i svært liten grad kome innvendingar frå kommunar til dagens ordning.

LVK sitt vedtak på landsstyremøte 10-11. juni 2004.

Landsstyret i LVK sluttar seg til departementet sitt forslag om å vidareføra dagens fordelingsreglar. Landsstyret sitt vedtak sluttar seg til arbeidsutvalet i LVK sin innstilling når det gjeld grunngeving, og dei støttar departementet sine argument. Dei peikar også på at det er eit sjølvstendig poeng å unngå store omfordelingar medlemskommunane mellom i samband med einkvar regelendring, noko som LVK har lagt vekt på i andre saker tidlegare. Landsstyret vil også visa til departementet si understreking om at kommunane seg i mellom kan inngå avtalar om fordeling, og at gjeldande fordelingsavtalar kan vidareførast. Aurland kommune sluttar seg til dette.

Berre 1 av 150 medlemskommunar har sagt at dei ynskjer endring av reglane.

Med helsing

Aurland kommune

Olav Ellingsen

Olav Ellingsen
ordfører

Postadresse:
Rådhuset

5745 AURLAND

Telefon: 57 63 29 00
Telefaks: 57 63 29 01

E-post: post@aurland.kommune.no

Bankgiro: 3745.07.00046
Konto skatt: 7855.05.14213
Org.nr: 964 968 063